

Møteprotokoll

Utval: Volda kontrollutval
Møtestad: Hornindal Smia - Kommunestyresalen
Dato: 07.10.2021
Tid: Kl. 12:00 – 16.00.

Medlemmar som møtte	Reprenterere	Funksjon
Inger Gjengedal Håvik		medlem
Inghild Remøy		medlem
Jørgen Holte		medlem
Ragnhild Folkestad		medlem
Solfrid Oline Førde		leiar

Forfall	Reprenterere	Varamedlem	Reprenterere
Inge Aleksander Bruheim		Rasmus Kirkhorn	
Pål Ruben Seljeset Tomasgard		Anne Helen Sundalsfoll	

Andre som møtte:

Vest kontroll:
Jostein Støylen. Dagleg leiar.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:
Halldis Moltu. Oppdragsansvarleg revisor.

Volda kommune:
Reidun Elisabeth Sandnes. Avdelingsleiar bu- og habilitering. I sak 43.

Volda utvikling AS/Volda kommune:
Thomas Lundberg. Styreleiar. I sak 42-07.
Jarl Martin Møller. Kommunalsjef samfunnsutvikling. I sak 42-07.

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS:
Petter Bjørdal. Dagleg leiar. I sak 42-8.

Sakene vart behandla i slik rekkefølge: 38, 39, 40, 41, 44, 45, 46, 42-07, 42-08 og 43.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
38/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/387
39/21	Godkjenning av protokoll	21/387
40/21	Skriv og meldingar	21/387
41/21	Gjennomgang av møteprotokollar	21/387
42/21	Orienteringar	21/387
43/21	Rapport frå tilsyn med rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar som har ei utviklingshemming i Volda kommune 2021	21/401
44/21	Revisjonsplanlegging 2021 - Finansiell revisjon	21/402
45/21	Vedtaksoppfølging kontrollutvalet	21/387
46/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/387

Stad, 08.10.2021

Solfrid Oline Førde

38/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Leiar får fullmakt til å endre sakliste etter avtalte tider med dei som er innkalla for å orientere.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

39/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

40/21 Skriv og meldingar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
14/21	Frå avisa kommunal rapport 16092021 - Er det trygt å varsle til kontrollutvalet
15/21	Frå kommunalrapport 19. august 21 - 4 av 10 rammet av datakrim

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

41/21 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

42/21 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
06/21	Datasikring - Orienteringar
07/21	Volda utvikling - Orientering
08/21	Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS - Orientering

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.

Når det gjeld Orientering i oreinteringssak 02 Volda utvikling, ber kontrollutvalet om å få til neste møte dei dokumenta som går fram i behandlinga av saka.

Behandling:

Orientering 42-06 går ut grunna sjukdom. Kjem i møtet 30.11.2021.

Orientering 42-07 Volda utvikling v/styreleiar Thomas Lundberg og Volda utvikling/Volda kommune v/kommunalsjef Jarl Martin Møller orienterte og svara på spørsmål. Dei orienterte m.o. ved Power Point som vert lagt på saka. Kontrollutvalet fekk god informasjon om selskapet, bla. om organiseringa som er nytting for utvalet sin kontrollfunksjon. Utvalet vil likevel be om dokumentasjon for stiftinga (protokoll, vedtak, vedtekter, dokumentasjon for val av styremedlemer og vara m.v.) og ber sekretariatet ta opp det med kommunen og selskapet.

Jørgen Holte kom med forslag til kva dokumentasjon som kontrollutvalet bør ha: Kontrollutvalet viser til orientering av kommunalsjef Jan Martin Møller og styreleiar Thommas Lundberg. Med visning til aksjelova ynskjer kontrollutvalet å bli meir kjend med organisering, etablering og drift etter formålet av selskapet. I det høve bed vi om å få tilsendt Skipingsprotokoll. Vedtekter. Stadfesting av innbetalt aksjekapital. Selskapet sin balanse på skipingstidspunktet. Val etter vedtektene. Fullmakter. Melding og rekneskap for 2020 til generalforsamlinga i 2021. Resultatrekneskap og balanse pr 30.06.21. Takst over tomt og bygningar og overdragsavtale med Volda kommune, jfr orientering frå styreleiar.

Kontrollutvalet registrerte at selskapet var registrert i 2021. I den grad rekneskap låg

føre for 2020 bør kontrollutvalet få det tilsendt.

Oreintering 42-08 Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS v/dagleg leiar Petter Bjørdal orienterte og svarta på spørsmål. I orienteringa vart det brukt PowerPoint. Kontrollutvalet fekk god informasjon om selskapet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

43/21 Rapport frå tilsyn med rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar som har ei utviklingshemming i Volda kommune 2021

Vedtak:

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten og informasjonen frå avelingsleiar til vitende.

Behandling:

Avdelingsleiar for bu- og habilitering Reidun Elisabeth Sandnes orientere og svare på spørsmål.

Stikkorg frå oreinteringa: Viste til statsforvaltaren sitt tilsyn og lovverket på området. Var spesielt inne på rettane som gjeld for den enkelte. Måten ein behandlar den enkelte på. Tek tak i dei faste 4 lovbrøt og tiltaka som er/vert gjort for å rette opp. Egna opplegg for læring av tilsette m.o.t. lovverket: korleis forstå lovverket i høve til å utøve dette i praksis, samt kursing i områda personalet jobbar med. Går igjennom og oppdaterer ansvarsfordelinga. Viktig oppgåve for avdelingsleiar er å informere og å sjå til at seksjonsleiarane fortstår og praktiserer kva er lovleg og ikkje lovleg i arbeidet.

Konklusjon: Ein skal jobbe etter lovverket.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitende.

44/21 Revisjonsplanlegging 2021 - Finansiell revisjon

Vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende «Revisjonsplanlegging 2021 – finansiell revisjon», for Volda kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.

Behandling:

Kontrollutvalet ønskte detaljinformasjon/orientering frå revisjonsplanlegginga. Drøftinga av lukking av møtet gikk for lukka møte, medan avstemminga gikk for opne

dører. Kontrollutvalet vedtok å lukke møtet i medhald av Kommunelova § 31.2 og 4. Jf. offentlegova § 13.1 jf. forvaltningslova § 13.1 og offentleglova § 14. Oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu orienterte og svara på spørsmål. Sekretariatet opplyste om feilskriving i tilrådinga som no er retta i vedtaket.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek til vitende «Revisjonsplanlegging 2021 – finansiell revisjon», for Sande kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.

45/21 Vedtaksoppfølging kontrollutvalet

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

46/21 Saker til eventuell seinare behandling

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå sekretariatet til vitende. Kontrollutvalet vedtek at møtet i kontrollutvalet den 27.10.2021 vert sløyfa.

Behandling:

Kontrollutvalet var samde om å sløyfe kontrollutvalsmøtet 27.10.2021.

Sekretariatet orienterte om aktuelle kurs lokalt i 2022: Generelt kurs for kontorllutal, kurs for styremedlemer, representantskapmedlemer/generalforsamlingsmedlemer og andre interesserte og kurset for økonomisk kriminalitet m.m.